



Alf Magnus Flatøy
Flatøyvegen 42
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2926 - 17/23779

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
30.11.2017

Godkjenning av søknad om konsesjon for overtaking av Gbnr. 1/41 og 140 på Flatøy

Administrativt vedtak. Saknr: 338/2017

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad datert 16.11.2017, der Alf Magnus Flatøy søker om konsesjon for overtaking av gbnr. 1/41 og 140 på Flatøy. Eigedom gbnr. 1/41 er på om lag 250 m² og eigedom gbnr. 1/140 er om lag 267 m². Begge eigedomane ligg i gjeldane reguleringsplan som landbruk-, natur- og friluftsområde. Eigedomane er i AR5 gardskartet i arealklassane skrin fastmark og «bebygd, samf., vann og bre». Eigedom gbnr. 1/41 er ikkje bebygd, medan det står på eigedom gbnr. 1/140 eit hjørne av bygget på naboeigedomen. Søkjar eig frå før gbnr. 1/261 som er naboeigedomen til begge dei omsøkte eigedomane. Søkjar opplyser at omsøkte eigedomar har fungert som del av bustadtomt/hagen til gbnr. 1/261, og framtidig bruk er tenkt som tidligare bruk.

Vurdering:

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1 og rundskriv M-3/2017 *Konsesjon, priskontroll og boplikt*.

Rundskriv M-3/2017 pkt. 5.1 viser til; «Konsesjonsloven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet». Ved avgjerd om løyve til erverv av eigedom etter konsesjonslova § 2, som ikkje skal nyttast til landbruksføremål, skal søknaden vurderast mot dei omsyn lova skal ivareta jf. § 1. Konsesjonslova § 1 legg vekt på at det må takast omsyn til framtidige generasjonars behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser, friluftslivsinteresser og omsynet til busetting.

Administrasjonen meiner at ervervet ikkje vil svekke omsynet til busetting og samfunnsganet som lova skal ivareta. Administrasjonen legg vekt på at søkjar er busett på naboeigedomen. Arealet er lite, og ligg mellom bustaden til søkjar og E39. Erverv vil ikkje svekke omsynet til miljø, allmenne naturvernomsyn og friluftsiinteresser. Arealet ligg i AR5 gardskart sine arealklasser skrin fastmark og «bebygd, samf., vann og bre», og er inneklemt i eit bustadområde. Ervervet vil difor ikkje svekke omsynet til landbruket som konsesjonslova skal sikra.

Etter ein samla vurdering av søknaden etter konsesjonslova § 1 sine omsyn, vurderer administrasjonen det slik at ervervet ikkje er i konflikt med konsesjonslova. Administrasjon har difor ingen merknad til at det vert gjeve konsesjon. Konsesjon medfører løyve til å overta eigedomane. Arealformålet er uendra og framleis landbruks-natur- og friluftsområde..

Vedtak

«Meland kommune gjev Alf Magnus Flatøy konsesjon til erverv av eigedomane Gnr. 1, bnr. 41 og Gnr.1, bnr. 140.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 2, jf. Konsesjonslova § 1. Grunngeving går fram av saksutgreiinga.»

Gebyr for handsaminga vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Alf Magnus Flatøy

Flatøyvegen 42 5918

FREKHAUG